



Lasse Andre Dale
Melandsvegen 331
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2212 - 16/19779

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2016

Godkjenning av søknad om fritak for gjødselplan på GBNR 16/2 på Meland

Administrativt vedtak. Saknr: 337/2016

Saksutgreiing:

Lasse Andre Dale har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Drifta er 14 vinterfora sauer. Det er 40 daa fulldyrka, 5 daa overflatedyrka og 16 daa innmarksbeite på bruket. Sauemøka vert spreidd som gylle på slåttemarka og kunstgjødsla vert i hovudsak brukt på beita. Søkjar har nyleg starta opp med sauedrift, og har planar om å auka dyretalet i åra som kjem.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåtteearealet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	Sum gjødse
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa				
1000	18-3-15	40	beite/slåttemark	25	4,4	0,6	3,6	1000
13 m3	sauemøk	32	slåttemark	470	1	1	2,5	13000
Sum					5,4	1,6	6,1	

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 2 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for både nitrogen, kalium og fosforgjødsling. Bruket har få gjødseldyreiningar (1 GDE etter frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet. Det er ny eigar og drivar på bruket og kommunen har oppfatta det slik at det er eit ynskje om å auka dyretalet og drifta i åra framover. Kommunen gjer merksam på at dersom dyretalet aukar må det fremjast ny søknad eller han må tinga gjødselplan. Søkjar har planar om å auka dyretalet og setja i stand jordbruksarealet for ei større drift, det er difor naudsynt å følgja med på om grunnlaget for fritaket endrar seg.

Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.11.2021 for Lasse Andre Dale på gnr.16, bnr. 2, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28,

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Lasse Andre Dale

Melandsvegen 331 5918

FREKHAUG